



Aufera AS  
Mangersnesvegen 72  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1785 - 17/11268

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
14.09.2017

## Byggesak Gbnr 44/8 Mangersneset/Manger fiskemat - bruksendring - planstatus og søknadsplikt

Dykkar e-post av 08.09.17 med førespurnad endra bruk av tidlegare lokale for Manger Fiskemat.

### Planstatus

Eigedomen ligg innafør område som etter reguleringsplan for Mangervåg industriområde har arealføremål Industri.

### Bygningsstatus

Bygningen er registrert i matrikkelen (eigedomsregisteret) med bygningskode 219 – Anna industribygning.

### Søknadsplikt

Kommunen vurderar spørsmålet om søknadsplikt på dykkar opplysningar:

*Me driv vaskeri, treavdeling med produksjon av ulike treprodukt og litt vaktmeisteroppdrag, og kjøkken der me produserer lefser, kaker, diverse urteprodukt m.m. Me har kantina og me har eit lite utsal av varene våre, og me har samarbeid med eit større renseri som reinsa dei tinga me sjølv ikkje kan vaska.*

Den delen av verksemda som gjeld vaskeri og produksjon vil vere i samsvar med industriformål i plan og i samsvar med godkjent bruk av bygningen. Når det gjeld kantine og utsal som er publikumsretta verksemd vil det krevje arealføremål tenesteyting, og er ikkje i samsvar med plan og godkjent bruk av bygningen. Basert på dei opplysningane dykk har gitt om drifta vil det vere naudsynt å søkje om bruksendring og dispensasjon eller omregulering for deler av verksemda.

Når det skal vere arbeidsplassar i bygningen må det hentast inn samtykke får Arbeidstilsynet før kommunen kan handsama byggesaka.

Søknad om bruksendring må sendast inn av eit kvalifisert føretak. Bruksendring av eksisterande bygg er ei sakstype der det er tenleg å avklare hovudlinene i saka før det vert sendt inn byggesøknad. Kommunen rår difor til at dykkar konsulent tingar førehandskonferanse med kommunen.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Aufero AS

Mangersnesvegen 72

5936

MANGER